



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET

Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Saksbehandlar

Tlf. direkte innval

Vår ref.

Dykkar ref.

Dato

Kjetil Mehl

2024/1524-3

27.06.2024

Høyringsvar - ny gjødselbruksforskrift

Vi viser til brev av 20.mars der Landbruks- og matdepartementet ber om innspel på høyringsforslaget til ny gjødselbrukforskrift.

Kvinnherad kommune vil med dette kome med innspel til høyringa. Innspelet har vore til sakshandsaming i kommunestyre i Kvinnherad kommune torsdag 20.6.2024. Endeleg vedteken høyringsuttale er no klar.

Ny forskrift om lagring og bruk av gjødsel vil få store konsekvensar for landbruket og matproduksjonen i Kvinnherad.

Den kraftige reduksjonen i tillaten mengde fosfor spreidd per dekar, vil gje stor mangel på spreieareal fleire stader i Kvinnherad kommune.

Til dømes på Halsnøy, som er eit av dei beste og mest produktive landbruksområda i kommune, vil reduksjonen i fosformengde ramma mjølkeproduksjonen hardt. Dei seks største mjølkebruka på Halsnøy, etter mjølkekvote, areal og dyretal (2023), disponerer 1929 dekar dyrka/overflate dyrka jord. Dersom forskrifta vert vedteke slik den ligg føre, vil dei seks bruka mangla 443 dekar spreieareal i perioden 2025-2028. Dei vil i perioden 2029-2032 mangla 728 dekar spreieareal. Frå 2033 manglar dei 960 dekar spreieareal.

Dersom ein nyttar balanse gjødsling, som forskrifta opnar for og oppnår ei avling på 1000 kg tørrstoff per dekar i snitt, manglar dei framleis 370 dekar med spreieareal i 2033. Dei treng då 19 % meir godkjent spreieareal, som dei tek ut 1000 kg tørrstoff på, for å oppretthalda matproduksjonen på dagens nivå. Truleg må produksjonen reduserast med nær 20 %, då det ikkje er tilgjengeleg meir leigejord.

Halsnøy er ei flat øy med få vassdrag og dermed liten fare for avrenning til vassdrag.

Bruka som verdt hardest råka av endringane i forskrifta er mjølkebruka som har effektivisert, investert og satsa på mjølkeproduksjon dei siste 20 åra, slik landbrukspolitikken har oppfordra dei til.

Det vil vera tilnærma umogeleg for bruka i denne kategorien å tilpassa seg nytt regelverk utan å måtte redusere produksjonen sin frå 1.1.2025, (reelt frå hausten 2024, då husdyrgjødsel produsert om hausten skal spreiaast våren 2025) med dei konsekvensar det får for både økonomien til det einiskilde føretak og for matproduksjonen i sin heilheit.

Forskrifta vil også ramma bruk i andre størrelser, til dømes må eit kombinasjonsbruk (mjølk og sau) i Rosendal med 60 tonn i kvote, nær halvera produksjonen sin baserte på forslaga til endringar i gjødselbrukforskrifta. Utrekningane er basert på tal frå produksjon søknadar og fosforkalkulatoren som er laga av landbruksdirektoratet.

For mange element i høyringsnotatet er for dårleg utgreidd. Det er urealistisk å innføre eit nytt regelverk allereie frå januar 2025. Iverksetjing av forskrifta må utsetjast minst eit år, i påvente av betre utgreiing av konsekvensar for både føretaka, og kommunane som skal handsama regelverket.

Vi vil særleg peike på kapittel 11; økonomiske og administrative konsekvensar som vi meiner er delvis mangelfullt.

- Konsekvensar på einskildbruksnivå bør synleggjerast med døme. Dette gjev utfordringar for dei som har investert, men det er også utfordrande for bruk som skal investera og utvida produksjon for å gjera investeringa økonomisk lønsam.
- Det er ikkje peika på korleis den sterke interne sentraliseringa av husdyrproduksjonen i ulike fylke forverrar konsekvensane av regelverksendringa.
- Bygder med ledig areal er ikkje dei same bygdene som bygder med underskot på areal
- Miljømessige og økonomiske konsekvensar ved transport kjem ikkje fram.
- Biogassanlegg kan truleg redusera fosforinnhaldet i bioresten som skal tilbakeførast til landbruket, men det er ikkje kapasitet for landbruket i Kvinnherad til å ta imot fosfor frå andre næringar.
- Har kommunane ressursar til å godkjenne innmarksbeite? Svært lite beiteareal er omsøkt og godkjent i dag. Det som er godkjent er ikkje digitalisert.

Vi ser og fleire utfordringar med dokumentasjonen rundt balansejødsling, blant anna hjort og gås. Kvinnherad er ein av landets største hjortekommunar og mange bruk har svært mange beitande hjort på dyrka mark som haustar av avlinga, som gjev store avlingstap. Denne delen av avlinga som vert «stole» frå bonden vil ikkje kunne dokumenterast i balansejødsling. Det same gjeld beiteskadar som vert påført av gås.

Skal ein no kunne nytta kunstgjødsel på innmarksbeite, må dette arealet og godkjennast som spreieareal. Kunstgjødsel og husdyrgjødsel skal likestillast som «gjødsel». Korleis skal kommunen praktisera godkjenning av innmarksbeite som spreieareal med to heilt ulike spreimetodar?

Husdyrgjødsel kan ein ikkje nytta overalt, *«derfor blir det desto viktigere at kommunen ikkje godkjenner areal som ikkje egner seg for gjødsling, og at det areal som er godkjent kan påvises med kartbeskrivelse, og tilsvarande i terrenget (5.1.2)»*

På eit innmarksbeite på Vestlandet vil det i svært mange tilfelle berre vera noko av arealet som eignar seg for køyring av husdyrgjødsel og noko berre for køyring av kunstgjødsel eller manuell spreieing (mann med bøtte) av kunstgjødsel. Korleis kan ein skilje på dette når ein skal godkjenne spreieareal for «gjødsel» på innmarksbeite? Dette er ei reell problemstilling, som forskrifta og departementet sine vurderingar ikkje seier noko om.

- Korleis skal bonden dokumentera balansegjødslinga i praksis? Kva tid veit ein korleis dette skal føregå?
- Korleis skal dokumentasjon frå bonden si side og kontrollfunksjonen til kommunen finansierast? Og korleis skal kommunen kontrollera dette i praksis?
- Korleis skal ein skilje areal for som er eigna for husdyrgjødsel og kunstgjødsel på innmarksbeite?

«For å sikre etterlevelse av revidert regelverk, er det behov for økt tilsyn og kontroll med at kravene i den nye gjødselbrukforskriften følges. Kommunene må derfor påregne økt arbeid med oppfølgingen av det reviderte regelverket. Mange kommuner vil ha god kapasitet til å følge opp regelverket, mens denne oppgaven for enkelte kommuner kan bli krevende (9.2).»

Kvinnherad kommune har ikkje ekstra kapasitet til å følge opp revidert regelverk på ein god måte.

Kvinnherad kommune er positive til at det kjem ei ny forskrift om lagring og bruk av gjødsel, men slik forskrifta ligg føre no vil konsekvensen bli at matproduksjonen i Kvinnherad må reduserast, på grunn av for lite spreieareal. Noko som igjen vil føra til reduksjon av sjølvforsyninga i Norge.

Kvinnherad kommune ber om at det vert gjort nødvendige utgreiingar av konsekvensane av ei forskriftsending og at iverksetting av forskrifta vert utsett minst eit år.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Kjetil Mehl
Konsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

